



ROVVILTNEMNDA I REGION 1

Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane

Rovviltnemnda i region 1

Dykkar ref:

Vår ref.:
2013/12146

Arkivnr.:
433.52

Dato:
01.04.2014

Protokoll frå møte i rovviltnemnda 27.03.2014

Frå nemnda møtte Noralv Distad, Oddny Omdal og Marit Barsnes Krogsæter. Sveinung Valle og Arne Bergsvåg melde forfall, og det same gjorde vararepresentantane Benthe Bondhus og Inghild Vanglo. Frå sekretariatet møtte Anders Braa. Møtet var på Statens hus i Stavanger.

Før ordinært møte fekk organisasjonane høve til å gje innspel til nemnda. Per Inge Egeland frå Rogaland bondelag hadde eit innlegg med oppsummering av dei viktigaste sakene frå beitenæringa. Til stades på møtet var og Arve Aarhus frå skadefellingslaga i Sogn og Fjordane og Rogaland, Marit Ladegård Manhenke frå Mattilsynet i Rogaland og Agder, Jon-Erling Skåtan frå SNO og Tor Punsvik frå Fylkesmannen i Vest-Agder.

Nemnda syner til saksframlegg og dokumenter knytt til møteinkallinga av 18.03.2014.

01/14: Fordeling og prioritering av budsjett for førebyggande og konfliktdempande tiltak i 2014. Driftsbudsjett for nemnda og kompensasjon til sekretariatet. Vedtak

Nemnda har så langt ikkje mottatt tildelingsbrev frå Miljødirektoratet, men legg til grunn at budsjettet blir tilsvarande som for 2013.

Fordelinga av budsjettet mellom fylka og avsetting til akutte tiltak i beitesesongen er i samsvar med framlegget frå sekretariatet. Nemnda har justert på punkt 3 i vedtaket for å gjere det tydeleg for fylkesmennene at tiltak som ikkje må iverksettast i beitesesongen kan avvente eventuelle tilsegn om tilskot til etter beitesesongen. På det viset blir det ein økonomisk buffer som kan nyttast av andre fylkesmenn i regionen ved akutte hendingar. Eventuell omfordeling av midlar til tilskudd må likevel gå om Miljødirektoratet.

Nemnda går inn for å halde fram med vaktordning for fylkesmennene tilsvarande som i fjor.

Postadresse:
Rovviltnemnda i region 1
c/o Fylkesmannen i Rogaland
Miljøvernavdelinga
Postboks 59
4001 Stavanger

Leiar for rovviltnemnda:
Noralv Distad
Postboks 53, 5741 Aurland
Telefon: 91374976
noralv.distad@sfj.no
<http://www.fylkesmannen.no/rogaland>

Sakshandsamar:
Anders T. Braa, viltforvaltar
Telefon: 51568914
anders.braa@fmro.no

Vedtak

1. Rovviltnemnda i Region 1 fordeler tilskotsramme til førebyggande og konfliktdempande tiltak, kjøp av tenester og drift av rovviltnemnda på dette viset for 2014:

Tilskot FKT	Kap/post	Tilskot etter søknad	Akutte tiltak	Totalt FKT
<i>FM Sogn og Fjordane</i>	<i>1420.73</i>	<i>250 000</i>	<i>100 000</i>	<i>350 000</i>
<i>FM Vest-Agder</i>	<i>1420.73</i>	<i>100 000</i>	<i>100 000</i>	<i>200 000</i>
<i>FM Hordaland</i>	<i>1420.73</i>	<i>50 000</i>		<i>50 000</i>
<i>FM Rogaland</i>	<i>1420.73</i>	<i>100 000</i>	<i>50 000</i>	<i>150 000</i>

Tilskot tenestekjøp og drift	Kap/post	Tenestekjøp	Løn og drift nemnda	Kompen-sasjon sekretariat	Vaktordning	Totalt drift
<i>FM Sogn og Fjordane</i>	<i>1420.21</i>	<i>150 000</i>			<i>25 500</i>	<i>25 500</i>
<i>FM Vest-Agder</i>	<i>1420.21</i>	<i>150 000</i>			<i>25 500</i>	<i>25 500</i>
<i>FM Hordaland</i>	<i>1420.21</i>				<i>25 500</i>	<i>25 500</i>
<i>FM Rogaland</i>	<i>1420.21</i>	<i>50 000</i>	<i>150 000</i>	<i>198 000</i>	<i>25 500</i>	<i>373 500</i>

2. Det skal ikke utbetalast tilskot til reine tilsynsprosjekt utan i kombinasjon med andre tiltak. Fylkesmennene har høve til å sette av ytterligare midler til reserve dersom det ikke er omsøkt tilstrekkeleg beløp fra søknadar som kvalifiserer til tilskot.

3. Det er sett av store beløp i reserve, det vil seie til akutte behov i beitesesongen. Nemnda legg til grunn at fylkesmennene ser nærmere på om det kan vere aktuelt å nytte eventuelle beløp som står att etter beitesesongen er ferdig til nye tiltak eller forbetring av eksisterande tiltak. Reservebeløpet kan og nyttast til finansiering av formar for dialog med involverte organisasjonar i fylket. Frigjorte beløp som følgje av avslag eller reduserte tilskot til søknadar er reserver til akutte tiltak.

Nemnda legg til grunn at tilskot som ikke er direkte knytt til tiltak i beitesesongen ikke blir tildelt før etter beitesesongen av omsyn til behov for akutte tiltak. Tilskot kan utbetalast dersom det ikke er behov for akutte tiltak i beitesesongen.

4. Tilskot skal vere retta inn mot spesifiserte tiltak og kan ikke nyttast til løn og drift av skadefellingslag utanom fellingsaksjonar, jf rovviltnorskifta §§9 og 9a.

5. Fylkesmennene må ta høgde for godtgjering av skadefellingslag etter gjeldande satsar.

6. Bruk av tilskot til tidleg sinking skal vere i samsvar med forvaltningsplan for Region 1.

7. For å få tilskot til førebyggande eller konfliktdempande tiltak skal tiltaket avklarast

med fylkesmannen på førehand. Tilsegn skal vere skriftleg. Akutte tiltak kan avklarast pr telefon eller epost, men skriftleg tilsegn skal sendast så snart som råd.

8. Tildelinga på 1420.21 kan nyttast til kjøp av tenester for å styrke arbeidet med førebyggande og konfliktdempande tiltak.

9. Det er ikkje høve til å engasjere personell hos fylkesmannen for gjennomføring av førebyggande tiltak.

10. Tilskot frå 1420.73 skal prioriterast til tiltak retta mot husdyr. Fylkesmannen kan likevel nytte delar av ramma til andre førebyggande tiltak, jf forvaltningsplanen kap.8.

11. Mottakar av tilskot skal rapportere bruken til Fylkesmannen innan 1. desember 2015 gjennom elektronisk søknadssenter. Rapporten skal innehalde ei evaluering av tapsreduserande eller konfliktdempande effekt. Fylkesmannen skal rapportera bruken av tilskotsmidla innan 15. januar 2016 til Miljødirektoratet og rovviltnemnda. Fylkesmannen skal og rapportera effektar av tilskotet så godt det let seg gjea.

Dette vedtaket er ikkje eit einskildvedtak etter forvaltingslova, og kan ikkje påklagast.

02/14: Status for rovvilt i regionen i vinter og skadepotensialet for beitesesongen 2014. Kommunikasjon med DN om eventuelle ekstraordinære uttak ?

Rovviltansvarleg i SNO for Rogaland og Agder, Jon-Erling Skåtan orienterte om status for rovvilt i regionen med hovudfokus på ulv og jerv. Det er sanka inn fleire møkkprøvar frå Sogn i vinter som ikkje er analyserte, slik at det er uråd å fastslå tal på ulike jervar. SNO har iverksatt ekstraordinær felling av jerv i Indre Sogn med ei kvote på 2 jervar. 1 tispe blei felt i Luster i mars.

Det er framleis ulv i nærområda til region 1 sjølv etter felling av 1 ulv på Iveland i Aust-Agder i februar. Skåtan synte til bestandsvekst og lite uttak av ulv i Sverige, og at det vil vere pårekneleg at fleire ung-ulvar vitjar regionen i tida som kjem.

03/14: Brev frå leiarane i rovviltnemndene til KLD og LMD av 6. februar 2014

Distad orienterte kort om prosessen bak og innhaldet i brevet, særleg dei mest relevante punkta for region 1. Braa gjorde merksam på at leiarane i rovviltnemndene med dette ber om endringar i rovviltpolitikken som går utover rovviltforliket, gjeldande regelverk og den rolla som rovviltnemndene skal fylle som forvaltingsorgan. Som representant for Fylkesmannen vil sekretariatet reservere seg mot arbeid utover den til ein kvar tid gjeldande politiske ramma for rovviltforvaltingen.

Rovviltnemnda gav tilslutning til fellesbrevet til KLD og LMD av 6. februar 2014.

04/14: Revisjon av forvaltingsplan for region 1. Handsaming av planen etter innspel frå Miljødirektoratet. Vedtak

Førebels vedtatt forvaltingsplan for region 1 blei sendt til Miljødirektoratet for fagleg uttale før endeleg vedtak. Miljødirektoratet svarte med brev av 24.10.2013.

Braa synte til saksframlegget, der det mellom anna går fram at sekretariatet har retta konkrete skrivefeil, oppdatert ynglemål for bjørn og tydeleggjort vilkår for fellingspremie på gaupe. Det er ikkje gjort strukturelle endringar. Rovviltnemnda tok dette til etterretning.

Miljødirektoratet peika på at rovviltforliket må sjåast i samanheng, og at det blir feil å utheve einskilde punktar i det. Rovviltnemnda følger dette opp med å erstatte teksten om rovviltforliket med ei lenke til Stortingets rovviltforlik.

Miljødirektoratet meiner hovudmålet i planen er i strid med nasjonal politikk. Det er ikkje høve til å ha som mål at regionen skal vere fri for alle rovpattedyr med skadepotensiale. Nemnda tok innspelet til etterretning, men står fast på målformuleringa og presiserande tekst i planen slik det blei vedtatt på siste møte i august.

Uttalen frå Miljødirektoratet blir lagt ved denne protokollen, men ikkje som vedlegg til sjølve planen.

Revidert forvaltingsplan for region 1 er med dette endeleg vedteke. Planen blir lagt ut på sidane til rovviltnemnda i www.fylkesmannen.no/rogaland. Planen blir sendt til aktuelle adressatar pr epost og som papirkopi til rovviltnemnda.

5/14 Kvote for betinga skadefelling i regionen fra 01.06.2014 – 15.02.2015. Vedtak

Nemnda sitt vedtak kan påklagast og blir difor sendt ut som eigen sak.

6/14 Orienteringssakar og ymse

Ny vararepresentant frå Vest-Agder er Svein Bringsjord.

Nemnda vedtok å sende brev til Miljødirektoratet med oppfordring til rask analyse av DNA-prøver av jerv frå i vinter og tilsvarande fortløpende oppfølging av eventuelle ulveprøver. Dessutan oppmoding om kontinuerlig oppfølging av spor med tanke på effektive uttak. Brevet er vedlagt protokollen.

Leiarane for rovviltnemndene, sekretariata og andre er inviterte av Klima- og miljødepartementet (KLD) til å delta i seminar om ei tydeligare soneforvalting på Gardermoen 2. juni.

KLD har fastsett tidsfristar for handsaming av saker knytt til rovvilt, jf brev av 16.12.2013. For nemnda får dette verknad for fastsetting av kvote for lisensfelling av jerv og ulv, og kvotejakt på gaupe. Vedtak må ta høgde for klagefrist, tid for handsaming av klage i nemnda og handsaming av klage i departementet. KLD vil ha klager inn seinast 3 veker før start av lisensfellingsperiode og kvotejakt. Det vil seie at vedtaka må gjerast seinast 7 - 8 veker før iverksetting.

For region 1 får dette mest å seie for vedtak om lisensfelling. I praksis får det som konsekvens at nemnda må gjere vedtak før sommerferien.

Dette heng saman med fastsetting av møteplan for i år. Førebels er det eit forslag å fastsette møte på Gardermoen på kveldstid 2. juni for vedtak om lisensfelling og kvotejakt på gaupe i 2015. I september kan det bli aktuelt å erstatte ordinært møte med kurs i rovviltrelaterte emner i Kristiansand. Førebels er 15. eller 17. september foreslått.

Noralf Distad
Leiar, rovviltnemnda region 1

Vedlegg:

Brev fra Miljødirektoratet av 24.10.2013

Brev til Miljødirektoratet om prioritering av DNA-analyse og sporing

Kopi med vedlegg til (epost):

- Fylkesmennene i region 1
- Klima- og miljødepartementet
- Miljødirektoratet
- SNO v/Rein Arne Golf og Jon-Erling Skåtan
- Mattilsynet
- Sogn og Fjordane Bondelag v/Merete Støfring
- Vest-Agder bondelag
- Rogaland bondelag
- Hordaland bondelag
- Rogaland sau- og geit
- Birger Aasland